

Nr. 83

RAPPORT

Lars J. Halvorsen, Veronica K.  
Pilskog, Fredrik Hovland, Emilie L.  
Solberg, Ingrid H. Kvamstø

SAMFUNNSMESSIGE KONSEKVENSA  
VED ETABLERING AV HURTIGBÅTRUTA  
VESTKAPP-ÅLESUND

Forfattarar	Lars J. Halvorsen, Veronica K. Pilskog, Fredrik Hovland, Emilie L. Solberg, Ingrid H. Kvamstø
Utgjevar	Høgskulen i Volda
År	2017
Serie	Rapport
ISBN	978-82-7661-326-1 (digital utgåve)
ISSN	1891-5981
Sats	Forfattarane
Distribusjon	<a href="http://www.hivolda.no/rapport">http://www.hivolda.no/rapport</a>

Samfunnsmessige konsekvensar ved etablering av Hurtigbåtruta Vestkapp-Ålesund.

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

### **Rapport / Høgskulen i Volda og Møreforskning Volda**

Vitskaplege og andre faglege arbeid på høgare nivå enn notat. Både forfattar og institusjon er fagleg ansvarlege for publikasjonen. Arbeida kan vere rapportar frå prosjekt/oppdragsverksemd eller reint teoretiske arbeid av eit visst omfang. Rapportane må vere godt gjennomarbeidde med omsyn til innhald, struktur og språk og innehalde referansar. Rapportane skal vere godkjende av anten dekan eller prosjektleiar eller annan fagperson dei har utpeika og FoU-leiar ved HVO.

## Forord

Dette er rapporten frå prosjektet «Utgreiing av samfunnsmessige konsekvensar ved etablering av Hurtigbåtruta Vestkapp-Ålesund». Prosjektet er gjennomført på vegner av Vanylven utvikling AS. Rapporten er basert på offentleg statistikk, andre dokument og intervju med sentrale representantar frå næringsliv og offentleg sektor i regionen. Intervjua med representantar frå offentleg sektor er gjennomført av Veronica Kvalen Pilskog. Studentane Emilie Løwe Solberg, Fredrik Hovland og Ingrid Hjellbakk Kvamstø har gjennomført og grovanalysert intervjua med representantar frå næringslivet. Rapporten er samanfatta av Lars Julius Halvorsen og Veronika Pilskog. Tor Inge Nygård har vore vår kontaktperson hjå Vanylven Utvikling. Vi vil takke for eit godt samarbeid og eit spanande prosjekt! Vi vil også takke alle informantane som har tatt seg tid til å bli intervjuet i en elles hektisk kvardag!

Volda 3.april 2017.

Lars Julius Halvorsen

Prosjektleder

## Innhold

Forord .....	3
Tabellar.....	5
1. Bakgrunn .....	6
Metode .....	7
2. Hurtigruta sin betydning for bustadsattraktiviteten.....	9
Arbeidspendling.....	9
Skulereiser .....	11
Tilgang på aktivitetstilbod for innbyggerane i regionen.....	13
3. Konsekvensar for næringslivet.....	16
Rekrutteringsevne og reiseverksemd.....	16
Turisme .....	17
4. Vurdering av hurtigbåten sin betydning for samfunnsutviklinga.....	19
Litteratur.....	21
Vedlegg .....	22

## Tabellar

Tabell 1. Arbeidspendling Søre Sunnmøre .....	9
Tabell 2. Endring i reisetid arbeidspendling .....	10
Tabell 3. Vidaregåande opplæring på Ytre Søre Sunnmøre.....	12
Tabell 4. Endring reisetid skulependling.....	13
Tabell 5. Endring reisetid fritidsreiser.....	14
Tabell 6. Reisetid til Bergen med fly versus hurtigbåt.....	15

## 1. Bakgrunn

Utgangspunktet for denne rapporten er ein pågåande prosess knytt til etablering av «Hurtigbåtrute Vestkapp-Ålesund», som etter planen skal gå mellom Åheim og Ålesund, med korrespondanse til hurtigbåten frå Selje mot Bergen og med ferjetider frå øyane Voksa og Kvamsøy utanfor Åram. Den skal etter planen redusere reisetida monaleg i høve bil og anna kollektivtransport, samt tilby trådløst internett og god komfort. Den planlagde ruta skal gå mellom Åheim og Ålesund. Dei førebelse stoppa er Åheim, Sandvika, Åram, Eggesbønes, Ulsteinvik, Valderøya og Ålesund. Det er rekna ut at ruta tek 2 timar og 45 minutt med bil og to ferjer som raskaste alternativ i dag. Utrekninga syner at hurtigbåten vil bruke 1,5 timar på tilsvarande rute. Frå måndag til fredag er det planlagt fire avgangar kvar dag, der den tidlegaste avgangen går 05:20 frå Ulsteinvik. Den siste avgangen går 21:45 frå Åheim og kjem til Ulsteinvik 22:30. Laurdag er fyrste avgang 08:40 frå Ulsteinvik, medan siste avgang endar i Ålesund 21:20. På søndagar går den tidlegaste båten 10:35 og endar 17:55 i Ålesund. Denne rapporten presenterer resultatane frå ei utgreiing av kva ei slik hurtigbåtrute kan ha å seie for samfunnsutviklinga i regionen. Rapporten har soleis størst fokus på korleis hurtigbåtruta påverkar dei som bur, arbeidar og driv næringsverksemd langs ruta, men utgreiinga tek også for seg moglegheitene for auka turisme.

Både norsk og internasjonal satsing på regional utvikling har vore prega av ei førestilling om at regional utvikling vert skapt gjennom utvikling av sentre som skal fungere som motorar for ein vekst i omlandet (Sjø til dømes KMD 2014). Tanken er at den regionalpolitiske innsatsen vert retta mot utpeikte sentra som skal generere vekst som deretter vert spreidd nedover sentralstadshierarkiet i sine omland. I følge (Grimsrud m.fl. 2015) passar ikkje Søre Sunnmøre inn i eit slikt monosentrisk sentralstadssystem der utviklingspotensialet einsidig henger saman med tettstadene storleik og hierarkisk plassering langs ein sentrum- periferi-dimensjon. I staden er Søre Sunnmøre polysentrisk. Det vil seie at regionen er prega av fleire sentra av tilnærma lik storleik, men med ein tydeleg grad av komplementaritet i arbeidsmarknad og andre offentlege og private tenestetilbod. I ein slik polysentrisk region kan det ligge godt til rette for å styrke det samla tilbodet til innbyggjarane gjennom betra samferdsle. Forsking viser at betra infrastruktur gjennom Eiksundsambandet og Kvivsvegen har resultert i store endringar i reisemønstra gjennom å korte ned reisetida i regionen, (Tvinnereim og Amdam 2012; Båtevik og Dvergsdal 2012; Straume 2015). Etablering av ei

hurtigbåtrute mellom Åheim og Ålesund kan korte ned reisetida til innbyggjarane langs ruta og få nokre av dei same effektane som Eiksundsambandet og Kvivsvegen.

## Metode

Å vurdere verknadane av eit slikt rutetilbod er ein unøyaktig vitskap. Dette skuldast på den eine sida at samfunnet som vi studerer er i endring, både med omsyn til økonomisk og demografisk utvikling. Til dømes vil innverknaden av eit slikt rutetilbod vere annleis i ein økonomisk vekstperiode med mange ledige arbeidsplassar og stor innvandring til regionen, enn i ein økonomisk nedgangsperiode med stor utflytting frå regionen. Ei anna kjelde til utfordringar er at detaljar har stor betydning for korleis samferdsle påverkar den regionale utviklinga. Til dømes gav Kvivsvegen/Eiksund-sambandet langt større sunnmørsk hyttebygging og fritidspendling til Nordfjord enn motsett veg. Dette skuldast mellom anna at Nordfjordingane hadde etablerte reisemønstre til eksisterande fritidsdestinasjonar langs Nordfjorden. Når det gjeld val av flyplass var det kombinasjonen av ruteavgangar og kortare reisetid til Hovden enn til Vigra som resulterte i ein stor trafikkauke på Ørsta-Volda lufthamn frå innbyggjarar frå Ytre Søre Sunnmøre. For å halde fokus på slike detaljar, vil vi i utgreiinga legge stor vekt på å vurdere den konkrete bruken av rutetilbodet blant ulike grupper.

Det empiriske materialet som har vore nytta i utgreiinga består av

- Innleiande samtaler med oppdragsgjevar
- Materiell om hurtigbåtruta, inkl. oppsett til rutetider
- Seks fokusintervju med næringslivsleiarar i regionen
- Intervju med representantar for Destinasjon Nordfjord og Destinasjon Ålesund og Sunnmøre
- Korte intervju/samtaler med representantar for dei vidaregåande skulane og med elevar
- Fylkesstatistikk om arbeidspendling
- Gjennomgang av litteratur om reisemønstre og busetnadsaktivitet
- Fylkesstatistikk og dokument om opplæringstilbodet
- Offentlege kjelder om samferdselssituasjonen slik som gulesiders vegberekningar og buss og ferjeruter

Rapporten er organisert i fire kapittel, der introduksjonen er kapittel ein. I kapittel to vil vi ta for oss korleis hurtigrutetilbodet kan påverke bustadsattraktiviteten til innbyggerane i regionen. I kapittel tre ser vi nærare på korleis etablering av ei hurtigbåtrute kan påverke næringsutviklinga i regionen. I kapittel fire gjer vi ei samla vurdering av korleis etablering av den planlagde hurtigbåtruta kan påverke samfunnsutviklinga i Selje og Ytre Søre Sunnmøre.



## 2. Hurtigruta sin betydning for bustadsattraktiviteten

I dette kapitlet vil vi vurdere korleis etablering av ei slik hurtigbåtrute vil påverke bustadsattraktiviteten. Analysen vil fokusere på dei aktuelle brukarane av ruta og korleis ruta vil påverke deira moglegheiter. Vi vil i denne samanhengen fokusere på tre typar bruk av hurtigbåtruta: arbeidspendling, pendling til skule og fritidsreiser mellom innbyggerane.

### Arbeidspendling

Storleiken på ein bu- og arbeidsmarknadsregion er ei viktig kjelde til bustadssattraktivitet sidan større arbeidsmarknadar aukar sannsynet for at innbyggerane kan finne ettertrakta arbeid. Bu- og arbeidsmarknadsregionen er avgrensa av reiseavstandar og av viljen til å pendle i regionen. Pendlingsvilje er svært sensitiv for reisetid. Undersøkingar gjort av både Båtevik m.fl. (2003) og Straume (2015) syner at dei færraste er villige til å reise meir enn ein time til jobb kvar dag, og at mange har ein øvre terskel for kor langt dei er villige til å pendle som ligg godt under dette.

Tabellen nedanfor viser arbeidspendlinga mellom dei fem Møre og Romsdal-kommunane langs den planlagde hurtigbåtruta i fjerde kvartal 2015. Diverre saknar vi tal for pendlinga inn og ut av Selje.

Tabell 1. Arbeidspendling Søre Sunnmøre

Arbeidskommune Bustadskommune	Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Ålesund
Vanylven	-	45	15	59	30
Sande	10	-	130	114	22
Herøy	4	106	-	501	79
Ulstein	3	71	243	-	152
Ålesund	14	10	44	274	-
Sum pendling til	31	232	532	948	283

Som tabellen viser er Ulstein og Herøy i dag dei klart viktigaste pendlingsdestinasjonane for arbeidspendlarane. Tabellen viser også at det er klart størst pendling mellom nabokommunane.

Pendlingsvilje er ikkje ein statisk storleik, men noko som varierer mellom livsfasar og frå område til område. På bakgrunn av ei spørjegransking om reisemønstre som mellom anna omfattar innbyggjarane i Sande, Herøy og Ulstein (Straume 2015), kan vi identifisere tre viktige tersklar for viljen til arbeidspendling i denne regionen.

- Terskel 3: Fire av ti er ikkje villige til å pendle meir enn 30 min
- Terskel 2: Ytterlegare to av ti er villige til å pendle inntil 45 min
- Terskel 1: Færre enn ein av ti er villige til å pendle meir enn 60 min

Vi har lagt desse tersklane for pendlingsvilje til grunn i ei vurdering av korleis hurtigbåten vil påverke pendlingsmoglegheitene i regionen og sett på endringar med betydning for pendlingsviljen mellom dei mest aktuelle tettstadene ved innføring av et hurtigrutetilbod. For å gi eit mest mogleg realistisk bilete av reisetida, har vi lagt til tida som går med til og frå hurtigbåten og avreisestad/destinasjon.

Tabell 2. Endring i reisetid arbeidspendling

	Bil	Hurtigbåt	Endring i høve tersklar	Merknad
Selje-Eggesbønes	100 min	50 min	+	Bil til Sandvika (10 min)
Selje-Fosnavåg	100 min	70 min	0	Bil til Sandvika (10 min), gåtur til sentrum (20 min)
Selje-Ulsteinvik	90 min	70 min	0	Bil til Sandvika (10 min),
Syvde/Fiskå-Eggesbønes	75 min	40 min	++	Bil til Åram (25 min)
Syvde/Fiskå-Fosnavåg	75 min	60 min	+	Bil til Åram (25 min), gåtur til sentrum (20 min)
Syvde/Fiskå-Ulsteinvik	65 min	55 min	+	Bil til Åram (25 min)
Fosnavåg-Ulstein	30 min	30 min	0	Bil til Eggesbønes (5 min)
Fosnavåg-Ålesund	90 min	75 min	0	Bil til Eggesbønes (5 min), buss til destinasjon i Ålesund (15 min)
Ulsteinvik-Ålesund	65 min	45 min	++	Bil til Eggesbønes (5 min), buss/gange til destinasjon i Ålesund (15 min)

Som det går fram av tabellen er dei potensielle vinstane størst på strekningane Ulsteinvik-Ålesund og Syvde/Fiskå-Eggesbønes. Vi finn også markante betringar av reisetid på strekningane Selje-Eggesbønes, Syvde/Fiskå-Ulsteinvik og Syvde/Fiskå-Fosnavåg. Ein kan tenke seg pendling med hurtigbåt begge vegar, men dei planlagte ruteavgangane legg ikkje til rette for å arbeidspendle motsett veg. Her kan ein tenke seg tilpassingar i ruteavgangane, men med berre ein hurtigbåt i drift vil det ikkje la seg gjere å leggje til rette for tovegs arbeidspendling.

Det er viktig å merke seg at tabellen ikkje tek omsyn til om rutetidene passar med arbeidstida. Om ein legg til grunn den førebelse rutetabellen og ei arbeidstid fra 8:00-16:00, kan ein dagpendle på alle strekningane på ruta til og med Ulsteinvik. Arbeidspendling med hurtigbåten til Ålesund er derimot uaktuelt, med mindre ein har fleksitidsordning, arbeidar korte arbeidsdagar, eller har ein jobb der det er mogleg å arbeide heimafrå eller om bord i hurtigbåten.

## Skulereiser

Reiseavstandar til vidaregåande opplæring har mykje å seie for bustadsattraktiviteten i distrikta. I praksis verkar avstandar inn på elevane sin valfridom. Undersøkingar av samfunn som har mista den vidaregåande skulen sin, viser at dette kan få store negative konsekvensar. Lange reiseavstandar gjer elevane slitne, noko som påverkar skuleprestasjonar og auka sannyn for å droppe ut. Reiseavstandane kan også tvinge elevane til å bu på hybel, noko som både aukar sannsynet for å droppe ut og er ei kjelde til utarming av ungdomsmiljøa i distrikta (Båtevik m.fl. 2013). Dei åra ein går på vidaregåande er svært viktige for identitetsdanninga, og når desse åra berre i liten grad blir levd på heimstaden på grunn av pendling eller hybeltilvere, vil eleven gradvis kunne miste kjensla av å høyre til på heimstaden. Dette reduserer sannsynet for at elevane vil busette seg på heimstaden seinare.

I dag vert det gjeve vidaregåande opplæring på tre stader på Ytre Søre Sunnmøre: Ulsteinvik, Fosnavåg og Syvde. Herøy vidaregåande skule avd. Vanylven er plassert 2 km frå hurtigbåtkaia i Åram. Avdelinga har 50 elevar og tilbyr tre studieretningar. Sidan alle tilboda i

Vanylven finst ved minst ein av dei andre to skulestadane, er det ikkje sannsynleg at nokon frå dei andre kommunane (med unntak av nokre stader i Sande) vil gå på skule i Vanylven. På grunn av lite søking har skulen dei siste åra berre tilbydd VG1. Dei fleste som ynskjer studieførebuande retning, vel å halde fram ved Volda vidaregåande skule, men då må dei ha hybel. Det same gjeld for elevane som ynskjer ei yrkesfagleg utdanning ved Herøy vgs. eller Ulstein vgs. For å bu heime, må elevane frå Vanylven anten reise til Fosnavåg eller Ulstein for å ta studiespesialisering VG2 og VG3 og for alle dei andre spesialiseringane. Å gå på skule i Vågsøy, Ørsta, Volda eller Ålesund føreset hybel.

Herøy vgs. ligg 2 km frå Eggesbønes. Herøy tilbyr seks yrkesfaglege studieretningar. VG1 for to av desse finnast i Vanylven, men ikkje i Ulsteinvik. Det er difor svært aktuelt for yrkesfaglege elevar i Vanylven å skulependle til Fosnavåg. Ulstein vidaregåande skule ligg 2 km frå Ulsteinvik sentrum. Skulen tilbyr idrettsfag, to studiespesialiseringar, samt elektrofag, service og samferdsel og teknisk-allmenne fag, 4-årig løp som berre finst her. Det er difor svært aktuelt for elevar frå Vanylven og ytre del av Herøy å reise til Ulsteinvik for å ta desse faga.

Situasjonen er vist skjematisk i tabellen nedanfor. I tabellen er tilboda markert med X, medan tilbod og fag det kan være aktuelt å pendle til er markert med grøn bakgrunn.

Tabell 3. Vidaregåande opplæring på Ytre Søre Sunnmøre

	Vanylven	Fosnavåg	Ulsteinvik
Studiespesialisering, berre VG1	X		X
Studiespesialisering med fag frå programområdet realfag			X
Studiespesialisering med fag frå programområdet språk, samfunnsfag og økonomi			X
Helse- og oppvekstfag, berre VG1	X	X	
Teknikk og industriell produksjon, berre VG1	X	X	
Bygg- og anleggsteknikk		X	
Naturbruk		X	
Restaurant- og matfag		X	
Idrettsfag			X
Påbygging til generell studiekompetanse.		X	X
Elektrofag			X
Service og samferdsel.			X
Tekniske allmenne fag, 4-årig løp			X

Kommunane på Ytre Søre Sunnmøre saknar også fleire opplæringstilbod som anten finnast i Ålesund, Ørsta og Volda. Av desse studiestadane er det i dag langt enklare å kome seg frå Herøy/Ulstein til Ørsta og Volda (sjå vedlegg). Vi vurderer difor skulependling med hurtigbåten inn mot Ålesund som lite aktuelt. Dei mest aktuelle strekningane for skulependling med hurtigbåt er Åram-Fosnavåg, Åram- Ulsteinvik og Fosnavåg-Ulsteinvik. Sjølv om ein kunne tenke seg pendling med hurtigbåt frå Ulsteinvik til Fosnavåg, er det ikkje aktuelt å skulependle på denne strekninga sidan rutetidene ikkje er tilpassa skuletidene. Nedanfor samanliknar vi skulependling med hurtigbåt opp mot dagens reisealternativ. Sidan størstedelen av denne gruppa verken har sertifikat eller bil, legg vi dagens busstilbod til grunn.

Tabell 4. Endring reisetid skulependling

	Buss	Hurtigbåt	Reduksjon i dagleg reisetid	Merknad
Syvde/Fiskå-Fosnavåg	120 min	60 min	120 min	Buss til Åram (25 min), buss til Ulstein vgs (5 min)
Syvde/Fiskå-Ulsteinvik	100 min	55 min	90 min	Buss til Åram (25 min), buss til Ulstein vgs (5 min)
Fosnavåg-Ulsteinvik	60 min	25 min	70 min	Buss til Eggesbønes (5 min), buss til Ulstein vgs (5 min)

Som vi ser av tabellen vil hurtigbåtruta gje ei markant enklare skulereising mellom Fosnavåg og Ulsteinvik. Den klart viktigaste verknaden er likevel at dei fleste elevane i Vanylven, i motsetning til i dag, vil kunne bu heime under heile vidaregåande opplæringa si. Etablering av eit hurtigbåttilbod vil soleis kunne motverke både utarming av ungdomsmiljøet, auke gjennomføringsgraden i vidaregåande opplæring og på sikt motverke demografisk uttynning i Vanylven.

#### Tilgang på aktivitetstilbod for innbygarane i regionen

Det tilgjengelege aktivitetstilbodet har mykje å seie for bustadsattraktivitet i distrikta (Vareide 2016). Tilgangen til ulike aktivitetar heng nært saman med reiseavstandar. Etablering av ei hurtigbåtrute mellom Selje og Ålesund vil kunne nyttast til fritidsreiser til tilbod langs ruta.

Fritidsreiser skil seg frå andre typar reiser ved at dei er relaterte til egne fritidsaktivitetar. Døme på slike aktivitetar er besøk, konsertar, kino eller teater, kafe/-restaurantbesøk, organiserte fritidsaktivitetar, hytteturar, og andre feriereiser. Ein skil gjerne mellom kvardagsfritidsreiser, korte fritidsreiser i helg og lange fritidsreiser.

Dei tre klart viktigaste destinasjonane for fritidsreiser langs den planlagde ruta er Ålesund, Ulsteinvik og Fosnavåg. Den planlagde rutetabellen, med framkomsttid Ålesund kl 18:30 og siste avgang frå kl. 20:00, legg derimot ikkje til rette for at skuleelevar eller arbeidstakarar kan nytte ruta til fritidsreiser til Ålesund i kvardagen.

Ulsteinvik har lenge hatt hotell med kino- og konsertsal. Dei siste åra har også kulturtilbodet i Fosnavåg vert kraftig utvida. I oktober 2014 vart Thon hotell Fosnavåg med kino- og konsertsal ferdigstilt, medan badeanlegget Sunnmørsbadet stod ferdig i mars 2015. Tilboda i Fosnavåg og Ulsteinvik ligg sentralt til med fleire kafear og restaurantar i nærleiken. Det ligg noko betre til rette for kvardagsreiseing til Ulsteinvik og Fosnavåg, men også her legg rutetilbodet klare avgrensingar for fritidsreiser på kvardagane for skuleelevar og arbeidstakarar. Til dømes vil det vere vanskeleg å rekke ei kinoførestilling før siste båt heim.

Tabell 5. Endring reisetid fritidsreiser

	Bil	Hurtigbåt	Endring i høve tersklar	Merknad
Selje-Eggesbønes	100 min	50 min	+	Bil til Sandvika (10 min)
Selje-Fosnavåg	100 min	70 min	0	Bil til Sandvika (10 min), gåtur til sentrum (20 min)
Selje-Ulsteinvik	90 min	70 min	0	Bil til Sandvika (10 min),
Syvde/Fiskå-Eggesbønes	75 min	40 min	++	Bil til Åram (25 min)
Syvde/Fiskå-Fosnavåg	75 min	60 min	+	Bil til Åram (25 min), gåtur til sentrum (20 min)
Syvde/Fiskå-Ulsteinvik	65 min	55 min	+	Bil til Åram (25 min)
Fosnavåg-Ulstein	30 min	30 min	0	Bil til Eggesbønes (5 min)
Syvde/Fiskå-Ålesund	130 min	120 min	0	Bil til Åram (25 min), buss til destinasjon i Ålesund (15 min)
Fosnavåg-Ålesund	90 min	75 min	0	Bil til Eggesbønes (5 min), buss til destinasjon i Ålesund (15 min)
Ulsteinvik-Ålesund	65 min	45 min	++	Bil til Eggesbønes (5 min), buss/gange til destinasjon i Ålesund (15 min)

Når det gjeld lange fritidsreiser i helg, kan den nye ruta styrke delar av det regionale tilbodet. Som ein ser i tabellen over, er reiseavstanden med bil frå Syvde/Fiskå 130 minutt til Ålesund, 75 minutt til Fosnavåg og 65 minutt til Ulsteinvik. Hadde ein hatt ein tilgjengeleg hurtigbåt, hadde tida vorte redusert med 10 minutt til Ålesund, 15 minutt til Fosnavåg og 10 minutt til Ulsteinvik. Dette er svært lita betring av reisetid. Rutetilboda vil soleis ha mest å seie for skulelevar og andre som ikkje har tilgang på bil. Ser vi på rutetidene, ligg det best til rette for dagaktivitetar slik som bading, kafebesøk og handling, medan rutetilboda ikkje legg til rette for kino- og restaurantbesøk eller uteliv.

Når det gjeld lange fritidsreiser med fly for innbyggjarane i Syvde/Fiskå, er dei nærmaste flyplassane Volda-Ørsta lufthamn (60 minutt) og Sandane lufthamn (90 minutt). Til Ålesund lufthamn med fleire avgangar både innanlands og utlands, er det vel 120 minutt med bil. Hadde ein hatt ein tilgjengeleg hurtigbåt ville tida vorte redusert med knappe 15 minutt, men dette oppveg truleg ikkje ulempene knytt til låg fleksibilitet. Dermed vil ikkje ei slik hurtigbåtrute gje ei nemneverdig betring i moglegheitene for lange fritidsreiser med fly.

*Tabell 6. Reisetid til Bergen med fly versus hurtigbåt*

	Fly inkl. køyretid og 30 minutt innsjekk	Hurtigbåt
Ålesund-Bergen	100 min	390 min
Ulsteinvik-Bergen	110 min	375 min
Fosnavåg-Bergen	125 min	350 min
Selje-Bergen	190 min	300 min

Når det gjeld fritidsreiser mot Bergen korresponderer hurtigbåtruta Åheim-Ålesund med nokre av avgangane til den eksisterande ruta Bergen-Nordfjord-Bergen. Første avgang frå Selje til Bergen er klokka 06:50. Dei passasjerane som ynskjer å rekke denne avgangen må reise frå Ulsteinvik sentrum 05:20, som er første moglege påstiging. Den andre daglege avgangen frå Selje har avreise 15:20, med framkomst 20:45. Det er ingen ruter i oppsettet som korresponderer med denne ruta. Når det gjeld retur frå Bergen er det også berre den første avgangen som korresponderer med ruta frå Sandvika-Ålesund. Som nemnt skjer dei fleste fritidsreiser etter arbeidstid og i helgane. Og når ein først skal ha ei helg i Bergen ynskjer ein gjerne ei full helg. Og det er ikkje alle som har høve til å ta fri fredagar. Både Sandane, Volda-Ørsta og Ålesund lufthamn har fleire daglege avgangar til Bergen. Fly er difor eit betre

egna kollektivtilbod for innbyggjarar som ynskjer å reise på lengre fritidsreiser til eller via Bergen.

### 3. Konsekvensar for næringslivet

#### Rekrutteringsevne og reiseverksemd

Samstundes som betre kommunikasjonar vil kunne utvide arbeidsmarknaden til innbyggjarane i ein region, vil dei også kunne betre rekrutteringsevna til arbeidsgjevarane i regionen og forenkle gjennomføring av reiser i høve møteverksemd og bedriftsbesøk. Vi har difor gjennomført ei intervjugransking om dette temaet mellom seks aktuelle arbeidsgjevarar i regionen. Når det gjeld rekruttering, syner intervjuet at rekruttering i liten grad er eit problem i dag. Fire av føretaka gjev uttrykk for at dei ikkje opplev utfordringar med rekruttering. Dei to andre rekrutterer også hovudsakleg godt, men har i einskilde høve hatt vanskar med å rekruttere spesialisert arbeidskraft.

Med eitt unntak, driv alle føretaka omfattande reiseverksemd i høve kunde- og leverandørmøter og liknande. Mange har også hyppige kundebesøk. Eit føretak reiser også ein god del for å følgje opp eit utanlandsk dotterselskap. Reising er soleis ein tung byrde for verksemdene. Alle verksemdene nyttar bil til møteverksemd i regionen. To av føretaka nyttar i tillegg hurtigbåt til Bergen. Til andre lengre reiser er fly det klart viktigaste transportmiddelet.

Informantane sine val av flyplass varierer. Nokre nyttar berre Sandane, andre nyttar Sandane, Hovden og Ålesund, nokre nyttar helst Hovden, andre nyttar både Hovden og Ålesund, medan nokre nyttar berre Ålesund. På grunn av hyppigare ruteavgangar og fleire destinasjonar verkar Ålesund lufthavn Vigra å vere den samla sett viktigaste flyplassen. Fire av informantane ser difor markante føremuner ved å korte ned reisetida til Vigra. Mellom dei som nyttar fleire flyplassar, vil eit hurtigbåttilbod også kunne styrke reiseaktiviteten hit på kostnad av andre flyplassar dei nyttar i dag, noko fylgjande sitat illustrerer: ”Hadde det vore eit mykje kjappare samband med Ålesund, hadde vi og andre bedrifter sjølvsagt valt det i staden. Da hadde vår reiseverksemd blitt mykje meir effektiv.”



Vi har også spurt informantane om kva tilhøve som har noko å seie for eventuell bruk av hurtigbåttilbodet. Dei fleste er opptekne av at ruta korresponderer med rutetidene på Vigra. Her vert det særskilt peika på morgonfly til Oslo og Bergen og dei siste kveldsfly heim. Reisetida er også viktig. Dei fleste meiner også at pris, samanlikna med dagens kostnader, er viktig. Det er berre ein informant som tykkjer at pris ikkje har noko å seie. Dei fleste er også opptekne av komfort om bord, mellom anna serveringstilbodet. Dei fleste er opptekne av tilrettelegging for å arbeide om bord: “Vi vil heller jobbe på vegen enn å ha uproduktiv tid bak rattet.” Samstundes er det usemje om kva slags tilrettelegging som skal til. Nokre er opptekne av trådløst internett, andre trur at trådløst internett på båt uansett vil verte dårlegare enn roaming, og er difor meir oppteken av at det vert etablert eigne rom som er tilrettelagt for arbeid om bord, noko dei er villige til å betale ekstra for.

## Turisme

Turismen til regionen er variert og består mellom anna av eit stort tal bubilturistar og cruisebåtturistar, som truleg ikkje vil nytte seg av eit hurtigbåttilbod. Vi vil difor fokusere på andre grupper turistar. I følge informantane er turismen til regionen i vekst. Dette skuldast til dels at Noreg vert oppfatta som eit trygt land og dels at valutaen styrkar konkurransevna samanlikna med andre land. Betre kommunikasjonar kan potensielt styrke denne veksten. Den planlagde hurtigbåtruta har potensiale til å styrke turismen i Nordfjordregionen, Søre Sunnmøre, samt Ålesundsregionen. Ålesund- Åheim-ruta sin korrespondanse med hurtigbåtruta sørover gjer at turistar kan reise med båt mellom dei sterke turistdestinasjonane Ålesund og Bergen.

Det vert også peika på nokre utfordringar. For Vanylven og Nordfjord-regionen er transport ein stor utfordring og mange besøkande er i dag avhengige av bil. I følge Destinasjon Nordfjord vil turistbruk av den aktuelle hurtigbåtruta vere sterkt avhengig av ei styrking av andre typar kollektivtilbod. For i størst mulig grad kunne tiltrekke seg nye turistgrupper utan bil, må desse kunne reise saumlaust frå dei regionale flyplassane til framkomststader for denne ruta, og til dei andre aktuelle destinasjonane i regionen. For mange potensielle tilreisande vil også pris vere viktig. For mange norske turistar vil bil ofte vere eit pris, og praktisk sett konkurransedyktig alternativ til kollektivreiseing. For å nå den turistmarknaden som gjer at ein kan ta seg godt betalt, må regionen kunne selje ei totaloppleving. Det vert også

